

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Vår dato: 21.05.2026
Vår ref.: 202610973-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2025/6777-8

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs uttale - Høring - Plankart og føresegner - Mindre endring i reguleringsplan etter forenkla prosess - Arbustøylen, planID 20200007 - Vinje kommune

Vi viser til brev datert 06.05.2026. Saka gjeld høring av mindre endring av reguleringsplan for Arbustøylen. Føremålet med planarbeidet, i tillegg til mindre endringar i dei to teigane BFF3 og BFF4, er å leggje til ei faresone for aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snøskred, jf. NVE sine oppdaterte aktsemdkart.

Om NVE

NVE er nasjonal sektormynde for flaum, erosjon, skred, vassdrag, grunnvatn og energi. I tillegg rettleier vi om førebygging av skadar frå overvatn og forvaltning av vassdrags- og energirelaterte kulturminne. Som høyringsinstans skal vi bidra til at nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor saksområda våre blir vareteke.

NVEs uttale

Skredfare


I samband med at reguleringsplanen var på høring, har Skred AS har utført ei skredfarevurdering i rapport datert 10.03.2023. Skred AS konkluderer med at berre eit lite område er skredutsett og ikkje tilfredstillar sikkerheitskrava i TEK17 § 7-3. I dette området er sannsyn for skred > 1/1000. Området er lagt inn i gjeldande plankart som omsynssone skred (H310). Omsynssona ligg i LNF-område. Det er ikkje gitt føresegner til sona i gjeldande plan.

Vinje kommune opplyser om at dei i denne planendringa vil, i tillegg til omsynssona for skred, òg leggje til ei faresone for aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snøskred, jf. NVEs aktsemdkart. Det er opplyst at endringa utgjør ei synleggjering av eksisterande tilhøve og seinaste oppdaterte aktsemdkart. De skriv òg at: «I byggjesaker skal ein alltid leggje til grunn den nyaste og beste kunnskapen om samfunnstryggleik.»



Det er gitt føresegner knytt til faresone skred (H310): «Potensielt fareområde for skred, som ikkje er greidd ut for reell fare. Det er ikkje tillate med nye byggetiltak i omsynssona. Grunnlag for omsynssona er NVEs aktsemdkart for snøskred (2023) og NVEs aktsemdkart for jord- og flaumskred (2025)».

Oppdrag: 23164 Vinje, Vågsild – Skredfarevurdering for 99/53, reguleringsplan for Arbustøylen
Rapport: Skredfarevurdering Arbustøylen
Dokument nr.: 23164-01-1, Dato: 2023-03-10



Figur 9: Faresoner for skred. Faresonen er dimensjonert av steinsprang.

Utklippet frå Skred AS sin rapport viser område som har sannsyn for skred større enn 1/1000. Dette er lagt inn i plankartet som omsynssone skred.

NVE meiner at det er positivt at kommunen er opptatt av at samfunnstryggleiken blir vareteke i planer og byggesaker og at beste kunnskap blir lagt til grunn.

Kommunen har truleg tolka nyaste kunnskap som «beste tilgjengeleg kunnskap», uavhengig av skilnaden mellom dei to produkta; aktsemdkart og faresonekart.

Kravet om å bruke nye og oppdaterte aktsemdkart i arealplanar og byggesaker gjeld der det ikkje er gjort ei faresoneutgreiing. Aktsemdkarta kan ein bruke som grunnlag for omsynssoner med byggeforbod i reguleringsplan. Eller der det ikkje er gjort faresoneutgreiing tidlegare og reviderte aktsemdkart viser at det kan vere skredfare. Då er det krav om ny utgreiing.

Der det i reguleringsplan, som er nyare enn 10 år, er gjort skredfarevurderingar av eit kompetent firma, som har dokumentert kompetanse og brukt [NVEs digitale rettleiar om utredning av skredfare i bratt terreng](#), er det ikkje grunnlag for å underkjenne rapporten sjølv om NVE har oppdatert aktsemdkarta for skred etter at rapporten blei laga. Skredesperten har gjort ei fagleg vurdering på grunnlag av geologisk skredkompetanse, dei har vurdert alle skredtypar og har òg vore på synfaring.



Difor kan de legge til grunn skredutgreiinga frå Skred AS frå 2023 og at omsynssona som er lagt inn i gjeldande plankart er tilstrekkeleg for å vareta sikkerheita mot skred i planområdet.

NVE gir eit **fagleg råd** om at det blir gitt ei føresegn til omsynssona med byggeforbod i sona. Det bør òg stå i føresegna kva som er grunnlaget for omsynssona.

Flaumfare

I gjeldande føresegner står det: «6.2 Faresone, flaum, H320 *Flaum skal vurderast ved søknad om tiltak innanfor omsynssona.*» Omsynssone flaum ligg i LNF-område.

NVE skreiv i brev datert 27.04.2023 til kommunen, etter at vi hadde motteke oppdaterte plandokumenter og føresegner:

«Den reelle flaumfaren er ikkje utgreidd. Aktsemdområdet frå aktsemdkartet for flaum i NVE Atlas er no lagt inn som omsynssone i plankartet. Det er gitt denne føresegna til omsynssona: 6.2 Faresone, flaum, H320 «*Flaum skal vurderast ved søknad om tiltak innanfor omsynssone*».

Når flaumfaren ikkje er utgreidd, og aktsemdkartet i NVE Atlas for flaum er lagt inn som omsynssone i plankartet, må føresegna til flaumsona bli endra til at det ikkje er tillate med tiltak i flaumsona, på same måten som det er gjort for skred.

Ifølgje rundskriv H-5/18 Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling, frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), kap. 2.11.1, skal reell fare vere avklart på siste plannivå. Der står det: «*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad.*»

Føresegna er ikkje endra. NVE gir eit **fagleg råd** om at det blir gitt ei føresegn til omsynssona med byggeforbod. Det bør òg stå i føresegna kva som er grunnlaget for omsynssona.

Andre endringar som er varsla i planområdet

NVEs vurdering er at dei andre endringane som er varsla ikkje rører ved våre saksområde og vi har ikkje merknad til dei.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har



spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Peer Sommer-Erichson
fungerande seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

VINJE KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR